



## Statens vegvesen

i-2

Majo Eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining: Region vest      Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792      Vår referanse: 17/42997-8      Dykkar referanse:      Vår dato: 31.08.2017

### Løyve på vilkår – Utvida bruk avkøyrslø – Gnr. 139 bnr. 63 og 65 – Tveiten – Lindås

Vi viser til søknad om utvida bruk av avkøyrslø, samt nytt framlegg til utforming av avkøyrslø mottatt 05.07.2017.

#### Vedtø

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrslø frå fv. 404 til eigedomane gnr. 139 bnr. 63 og 65 i Lindås kommune.

#### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med revidert situasjonsplan, datert 05.07.2017. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslø (vedlagt)*.
2. Løyvet gjeld to einebustader.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Eventuelle planter og liknande skal ikkje vere høgare enn 0,5 meter.
4. Tilsvarande skal frisikt 1,1 meter over bakken 3 meter inn i avkøyrsla målt frå vegkant til gang- og sykkelveg skal minimum vere 35 meter til begge sider (sjå *Krav til utforming*).
5. Siktkrava skal vere oppfylt både til køyrebane og gang- og sykkelveg.

6. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal ikkje vere meir enn 5,5 meter.
7. Stigningskravet skal haldast (*Sjå krav til utforming*).
8. Det er eit vilkår for godkjenning av eksisterande garasje er fjerna / flytta.
9. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
10. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslar, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse. *Trase for tilkomstveg må justerast i samsvar med vårt vedtak som gjeld byggjegrænse langs veg.*
11. Når avkøyrsla er ferdig opparbeidd må du ta kontakt med Statens vegvesen som eventuelt vil godkjenne avkøyrsla og gje bruksløyve.
12. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.
13. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir sett i gang.
14. Det er eit vilkår at kommunen har gjeve naudsynte løyver til tiltaket.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslan har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrslar* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

#### **Bakgrunnen for vedtaket**

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå.

Vi er særleg opptatt av at siktkravet vert overhalde både til køyrebane og gang- og sykkelveg. Vi vurderer at det kan vere naudsynt å ta ned deler av mur retning høgre i avkøyrsla for å oppnå tilfredstillande sikt mot gang- og sykkelveg.

Tilkomstveg vert handsama i eigen søknad. Vi gjer merksam på at vi kjem til å stille krav om at den vert justert i høve til vedlagte situasjonsplan.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden finn vi at det kan gjevast løyve til utvida bruk når avkøyrsla er opparbeida i samsvar med våre krav. Du må då ta kontakt med Statens vegvesen slik at vi eventuelt kan gje bruksløyve til avkøyrsla.

**Retten til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*


**Vedlegg**

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)  
Situasjonsplan  
Krav til utforming av avkøyrslar


Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ




PLANSKISSE AV AVKØYRSLE




LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE







Tegnforklaring:

- Gangvei
- FV 404
- Adkomstvei bolig
- Siktsoner

PROSJEKT	Boligtomter, Tveiten Lindås Kommune
----------	--

TEGNINGSINNHOOLD	Situasjonsskisse vei tomt 139/63, 65 og 42
------------------	---

TEGN. NR	101
TEGNET DATO	110517

SIGN	ØS	KTR	MÅL
PROSJEKTNR.		REV	A

Rev A flyttet adkomstvei, flyttet garasje 030717



Lindåsvegen 154  
5914 Isdalstø



## Statens vegvesen

Majo Eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining: Region vest      Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792      Vår referanse: 17/42997-9      Dykkar referanse:      Vår dato: 31.08.2017

### Byggjegrænse – Dispensasjon – Fv. 404 – Gnr. 139 bnr. 63 og 65 – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 20.10.2014, samt vidare korrespondanse.

#### Vedtak

Med heimel i veglova §30 og §34 gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot FV 404 for å oppføre bustad på gnr. 139 bnr. 63 og 65 i Lindås kommune. Løyvet omfattar også tilkomstveg til bustadene.

#### Vilkår for dispensasjonen:

1. Tiltaket skal være i tråd med revidert situasjonsplan, datert 03.07.2017, **men slik at også siste del av tilkomstveg ligg utanfor Statens vegvesen sin eigedom og minimum 4 meter frå vegkant til gang- og sykkelveg.**




Fig. Revidert situasjonsplan. Nordlege del av tilkomstveg må endrast i samsvar med våre krav.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø



2. Avstanden frå bustadane (inkludert takutspring) til senterlina på Fv. 404 skal plasserast i samsvar med situasjonsplan, og vere minst 15 meter.
3. Avstand frå tilkomstveg til vegkant for gang – og sykkelveg skal vere minimum 4 meter. Nordlege del av tilkomstveg må flyttast i høve til innsendte situasjonsplan og må leggjast på eigen grunn.
4. Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging ut på offentleg veg. Siktkrav til eigedomens avkøyrsel må følgjast.
5. Tiltaket må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
6. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
7. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær Fv. 404.
8. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

#### **Bakgrunn for vedtaket**

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Vi har vore i kontakt med Lindås kommune som seier at arealet er omfatta av Kommunedelplan for Knarvik – Alversund (2007 – 2019). Denne planen seier ikkje noko om byggjegrænse. Det er difor Statens vegvesen som skal fatte vedtak om dispensasjon frå byggjegrænse.

Lindås kommune har gjeve dispensasjon for oppføring av bustader i vedtak av 11.09.2016. Statens vegvesen uttalte seg til søknaden og vurderte at vi ville akseptere ei byggjegrænse på bustadene som omsøkt.

Lindås kommune skal behandle tilkomstveg i samband med byggjeløyvet. Det må difor sendast inn ein ny plan til denne søknaden, som syner at tilkomstvegen ligg utanfor Statens vegvesen sin eigedom, samt at vegen i heilskap skal liggje minst 4 meter frå vegkant til gang og sykkelveg.

#### **Retten til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen

Region vest PB. 43 6863 Leikanger / firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

**Vedlegg**

Veglova [§29](#), [§30](#), [§34](#)Situasjonsplan

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ